

Norsk talemål etter Aasen

Helge Sandøy

Helge Sandøy
Professor, Universitetet i Bergen
e-post: helge.sandoy@lle.uib.no



1. Språkending og dialektending

Folk og massemedium har stor interesse for språkending. Engasjemanget er merkande når ein snakkar om «flaumen» av ord frå engelsk eller om dialekten som forsvinn. Stereotypien i denne store samfunnssamtalen (diskursen) går både på kor fort språket endrar seg, og kva retning det går i. Dei fleste synest nok det er leitt med endringane. Stereotypien blir reproduisert utan mange motførestillingar, som f.eks. her av professor Olav T. Beito i 1958:

Målføra våre har vel aldri endra seg meir frå generasjon til generasjon enn i våre dagar. Gamle sermerke døyr ut med dei eldre ættledene, og dei unge får etter kvart eit mål som er meir avslipt og mindre sermerkt for det einskilde målføreområdet.
Olav T. Beito (1958/1973:190)

At slike synsmåtar blir så ofte repetert, treng ikkje bety at dei er sanne. Det er god grunn til å finne ein måte å etterprøve dei på.

Interessa for å forstå og forklare språkendingar har siste tiåra «smitta» frå den historiske språkvitskapen over på sosiolingvistikken, og det har prega diskusjonen om drivkrefter i forandringane. Siste to tiåra har sosiolingvistikken teke ei ny dreining i og med at det no er gått vel ein generasjon etter dei første sosiolingvistiske prosjekta blei gjennomført, og frå dei finst det ofte lagra lydopptak som viser faktisk bruk og variasjon. Gjer me då nye opptak same stadane, har me pålitelege data å samanlikne, og ein slepp unna subjektive informantutval og idealiseringar av dialekten. No kan ein jamføre det gamle variasjonsbildet med det nye. *Språkending i verkeleg tid* kallar ein dette nye forskingsparadigmet. Inntil no har ein ofte laga eit historisk bilde ved å jamføre ulike aldersgrupper og latt dei representere ulike tidbolkar. *Det er språkending i tilsynelatande tid*, noko ein bør lite mindre på, for individa forandrar ofte språket sitt gjennom

fasane i livet. Med den nye tilnærminga har diskusjonen om drivkrefter i språkendingane fått ny næring.

I Bergen har me arbeidd mange år med å studere endringar i verkeleg tid i prosjekta *Dialektendringsprosessar* (<http://folk.uib.no/hnohs/DEP/>) og *Språkutvikling på industristadar* (<http://folk.uib.no/hnohs/IP/>). Her har me allereie fått mange studiar over solide data innsamla frå 1960-talet og fram til no. Grepet om endringsprosessane er blitt betre, og me legg vekt på komparasjonar mellom endringar i fleire dialektsamfunn for å kunne teste hypotesar om årsakene, altså drivkreftene.

2. Prøver af Landsmaalet i Norge

Tida frå 1960-talet er sjølv sagt ein kort periode i språkhistoria, og det kan vere freistande å leite etter anna påliteleg materiale for tida før revolusjonen med lydopptaka. Då melder tekstane i *Prøver af Landsmaalet i Norge (PLm)* seg, utgitt av første systematiske dialektgranskaren i Norge. Dei utgjer jo litt av ein kunnskapskapital med parallelle beskrivingar av 20 dialektar frå same tid kring heile landet. Denne boka frå 1853 gir oss hovudbodskapen i livsverket hans Ivar Aasen: dokumentasjon av dialektane i Norge og eit forslag til eit skriftmål som byggjer på desse dialektane. Difor er boka todelt, og det er dokumentasjonsdelen me skal interessere oss for her. Den byggjer på det arbeidet han til då hadde gjort på dei systematiske innsamlingsreisene, som var finansiert med stipend frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim. Innsamlinga begynte med «langferda» i 1842, og Aasen rekna den arbeidsfasen som avslutta i 1850. Det året gjekk han over til å vere statsstipendiat. Han omtalar det nokså klårt at oppdraget hans for DKNVS då var avslutta, og frå dette året står han friare i formålet med arbeidet sitt. Andre delen av *PLm* peikar framover og viser kva han no ville bruke tida til, altså det nye skriftmålet, som han forresten presenterte vyar om alt i artikkelen «Om vort Skriftsprog» frå 1836 (Aasen 1909). Men i praksis var ikkje skiftet i perspektiv bråare enn at Aasen gjorde mange oppskrivingsreiser også etter 1850.

Som naturleg var for innsamlingsarbeidet, leitte Aasen seg fram til informantar som snakka den tradisjonelle dialekten godt. Han fortel fleire gonger at han måtte leite etter gode heimelsfolk, for det var tydeleg at mange knota. På dette begynnarstadiet i dialektforskinga var det nødvendig å idealisere forskingsobjektet, dvs. å framstille dialektane meir einskaplege enn dei var, for det var geografiske forskjellar ein var oppteken av, ikkje inter- og intraindividuell variasjon, som den moderne sosiolingvistikken studerer. Etersom perspektivet den tida var historisk språkvitskap, tok sjølv sagt idealiseringane utgangspunkt i dei arkaiske variantane. Ut frå desse premissane kan ein rekne som rimeleg

at resultatet blei at beskrivingane hans Aasen tenderer til å vise arkaiske versjonar av dialektane. (Det var og er sjølv sagt legitimt nok!) Har me som utgangspunkt at Aasen brukte jamt over godt vaksne folk som kjelde, kan ein tenkje seg at dei dialektane han skreiv opp etter, var dialektversjonar som informantane hadde lært som barn kring 1800. Altså for godt og vel 200 år sia. Og dermed kjem tanken opp om å bruke *Prøver af Landsmaalet* i Norge som kjelde for endringar gjennom 200 år – ved at me her godtek premissen i tilsynelatande tid-metoden. Får me eit nokolunde sikkert grep om endringar over 200 år, er dét svært verdifullt, for då kan me eksperimentere med å jamføre bakover i tid. Gangar me 200 med fire og ser oss bakover, er me jo komne til 1200-talet! Eit slikt eksperiment kan altså vere interessant for historisk språkvitskap.

Det er sjølv sagt ein del atterhald som må takast når ein gjennomfører eksperimentet. Det nemnte poenget med forskjellen på *idealiserde* dialektbeskrivingar og beskrivingar av *variasjon* er kanskje viktigast. Det andre er at Aasen som føregangsmann i dialektforskinga ikkje hadde same forutsetningane som me i dag når han skulle beskrive. Han hadde ikkje lært fonetikk og fonemteori, og han hadde dermed neppe eit reflektert forhold til at han hørte med sunnmørske øyre. Han hadde heller inga lydskrift å ty til. Dialektkunnskapane i samtida sjølv hos kunnskapseliten var så ringe at me i dag må omtale det som stor vankunne. Dermed kan me rekne med å avsløre ein del feil hos Aasen, slik at me må tillate oss å rette opp «umulege former» i tekstane hans, dvs. former me ut frå innsiktene våre i dag kan seie ikkje kan ha funnest på den aktuelle staden.

Amund B. Larsen gav ut *PLm* att i 1899 og då med latinsk skrift; der har han eit tillegg med verdifulle rettingar, for på dei generasjonane etter innsamlarferdene hans Aasen hadde dialektforskinga gjort store sprang framover. Men heller ikkje Larsen oppdaga nok alt. Då *PLm* blei trykt opp att i 1985, gjorde utgivaren det med ein faksimile av Larsen-utgåva, men skar vekk rettingane med den grunngevinga at «Det finst feil i dialektprøvene. Feilene [sic!] kan få ein som les utan ettertanke til å gjera Aasen mindre enn han er» (s. 143). Så refererer han atterhalda Aasen sjølv gav i Fortale om at «det er altsaa at frygte, at de have adskillige Feil». Med denne otten for mannemink har utgivaren dessverre gjort nyttgåva mindre interessang fagleg. Fagfolk kjenner inderleg godt problema med å få alle detaljar rette, og ut frå premissane i samtida står Aasen seg uansett svært godt i forskingshistoria. Arbeida hans førte til eit kvantesprang for dialektkunnskapen i landet, og dialektforskinga i Norge kunne begynne nettopp med arbeida hans. Men sjølv var nok Aasen meir ordinnsamlar og leksikolog enn han var dialektforskar; det ser ein på dei spørsmåla han problematiserte.

Aasen var ein svært ivrig oppskrivar av tradisjonsstoff, som ein kan sjå av f.eks. Norske Minnestykke frå 1921-23), og det som kom i *PLm*, var berre eit lite utplukk av samlingane.

3. Aasen ute i felten på Jæren – og me i dag

Eit mønster i feltarbeidet hans Aasen var at han fann seg eit «Middelpunkt» i dialektområdet han skulle granske, og der oppheldt han seg ein månads tid. Ofte oppsøkte han då ein lensmann og budde på garden hans. Det gjorde han i Time på Jæren òg, og difor kom han til garden Mossige og oppheldt seg der hos lensmann og stortingsmann Ingebret Sveinsson Mossige hausten 1844 for å høyre dialekten og notere opp ord, tekstar og grammatiske former til ei lita dialektbeskriving (trykt ved Oddvar Nes i Bondevik o.fl. 1997: 3–5). Der skreiv han opp segna om «Resen paa Lifjedle», som blei trykt i *PLm* på denne måten:

D. Kristiansfands Stift.

XIV. Jæderen.

Tegnslærerne have i den bestemte Form aa, i H. e, dñ.
Anne. Tallet bruges ikke. Blødt Konsonanter i Udtyden.

22. Resen paa Lifjedle.¹

Her æ mange Segnenne her iijaa ofte² au, naar
‘in bare va go’ te haatta paa dei;³ men naa veid æg
ifte naage te fortelja, anna hell om Resen, saa vilde
broda⁴ ne Bytstjaa. Naar du hem’e reisanne te
Siavanger ette Vokvrien, saa seer du naagaa Balla,
‘aa liggja ein liten Mole⁵ fraa Byn, aa saa ser du
hin stor’e Steiden, saa ligg’e i Sidnaleire⁶ paa ein
h deese Ballanne. Den Steiden⁷ æ der ei gamalle
Segn om, ate han sta vera fomen a et Hjedel, saa
æ bortafore Hjoren, aa saa heite Liffjel’e. Dæ flite
vera i den Li’aa,⁸ daa Bytstjaa va bygg’e, aa daa
te dæ naa flent langje sta;⁹ fore Bytstjaa æ liggja
magalauft gamalle, saa hu æ magalauft ven’e aa
for’e aa ennale¹⁰ bygg’e. Naa va detta i dei Tienne,
daa Resanne aa alt faare¹¹ Trostfab va te Cæg veid
naa inije forbit ein sta tru dæ); aa saa kann du tenkja,
ate Resanne ligg’e ifte dæ, der vart bygde flige Hus;
fore te fleine¹² Kyrkje der vart, te meir Kristendom
vart der au, aa te mindre vart Resanne fl¹³ Magt.
Derfore va dei itle¹⁴ paa able Kyrjanne, aa flerre aa
venare dei va, idlare vart Resanne;¹⁵ adramest maatte
dæ harmast, naar dei saag ei flig’e Kyrkja saa Bytst-
jjaa. Daa va dæ ein Rese, saa gjell oppaa Liffjed’e aa
toa saa ein stor’e Steiden aa lassa, aa meinte han flulte
treffa Kyrkjan aa flaa brune i Anas;¹⁶ men dæ vart
ifte naage a dæ; fore Steiden¹⁷ kom ifte saa langt, saa
han flulte; han vart liggjanne¹⁷ paa Balljen, der saa
baa ligg’e ennaa. Daa flerka vart Resen fliffel’e flarf,
daa han saag, æ’an inije trefte; reid saa lauft et flort
Styffe a Hjedel’e aa heid¹⁸ dæ i Kust’aa sama Biein;
men dæ uaadde heller inije Kyrkja; dæ datt ne ten
attenæ.¹⁹ Detta Styffe va saa flort na langt, ate dæ
gjell avleides²⁰ ner i Jor’aa, saa der vart ei fler’e
Hola²¹ ette dæ, aa den Hoola rann flud’e me Bata.
Dæ æ den Kjord’aa,²² saa dei ladla Breiavatn’e.

Når ein legg om teksten til Norvegia-lydskrift, rettar opp direkte feil og dessutan justerer litt teiknsettinga, kan teksten sjå slik ut:

22. Res'n på Lifjedle.

Hær æ manje seyn'ne her isjå åkke ao når ein bara va go te håtta på dei. Men nå veid æg iſke någe te fårtelja, anna hell om res'n så ville broda ne byſårſå. Når du ſæme reisane te Stavaſjer itte påstveien, så ser du noſo bakka så ligge en lid'n måle frå byen. Å så ser du ein store steid'n så ligge i hibnaleide på ein a desse bakkane. Den steid'n æ der ei gamadle segn om, ate han ska vera kämen a et fjed'l så æ bortanfår fjor'n å så heide Lifjedle. Dæ sko vera i den tiå då byſårſå va bygde, å då æ dæ nå sjont læyje sian, før byſårſå æ ligaså magalaost gamadle så hu æ magalaost vene å store å onmale bygde.

Nå va dette i dei tiene då resane å alt såvre trållskab va te. (Æg veid nå iſke korvitt ein ska tru dæ.) Å så kann du tæyſa ate resane likte iſke dæ der vart bygde slige hus. Før te fleirne ſårſke der vart, te meir krist'ndom vart der ao, å te minre vart resane si makt. Derføre va dei idle på adle ſårſkene. Å te større å venare di va, te idlare vart resane. Allramest måtte dei harmast når di såg ei slige ſårſka så byſårſå. Då va dæ en rese så jekk oppå Lifjedle å tog sæg ein store steid'n å kasta å meinte han sko treffa ſårſå å slå henne i knas. Men dæ vart iſke noſe a dæ, før steid'n kām iſke så laſt så han sko. Han vart liſſane på baſſken der så han ligge ennå. Då fosta vart res'n skikkele sinte, då han såg at an iſke trefte. Reiv så laost et stort styſſe a fjedle å hivde dæ i loftå sama veien. Men dæ nådde heller inſe ſårſå. Dæ datt ne titt attemæ. Dette styſſe va så stort å tuiſt ate dæ jekk avleides ner i jorå, så dar vart ei store håla itte dæ. Å den hålå rann fodle mæ vat'n. Dæ æ den ſødna så di kadla
Breiavatne.

Illustrasjon 2: Teksten i PLm frå Jæren, korrigeret og omskriven til Norvegia-lydskrift

Men korleis snakkar så folk i dag på Mossige? Me kan ikkje ta det opp i si fulle breidd, for i dag ønskjer me sjølvsagt å beskrive den språklege variasjonen i bygda. Men for å få maksimal kontrast inn i eksperimentet vårt, tek eg her utgangspunkt i eit intervju gjort i 2013 med ein ungdom fødd i 1995, og det vil i praksis seie sirka 200 år etter informantane hans Aasen var fødd – slik det er resonert ovafor. Eit utdrag frå det intervjuet ser ut som i illustrasjon 3, og der er det skrive til på ekstralinjer kva som blei sagt annleis i 1800-versjonen av dialekten. (Reint fonetiske endringar utan konsekvensar for systemet blir det ikkje teke omsyn til.)

I: *Kæ jæŕ dåkke nâr dåkke æ på hyttâ dâ?*

-e de de

H: *Åm sommaren nâr me æ der, så bade me veldi møje fârdi*

-a

atte şoen æ jo rett nerføre mest'n. Ja, åssä he me sånn nergraft

ne

ne

badebasseng på hyttâ så me fyll- åppi. Åssä iķķe så veldi laŕt vekke.

dl o

så æ de enn plass så me kalle badevatne, så me maŕŕe ǰåŕŕe gâr å

kaŕla

bade. Så jæŕ me litt sånn fâşellige tiŕŕŕ

-a

Så he me ett suskenbarn der nere ao. Så æg æ mæ hu å, ja.

şyšşabad n

henne

Du fâr liksâm şe treft di så møje nâr di bur så laŕt vekke.

lişasa ķe

I: *Kæ så æ jillast dâ mæ å vær på, i kæmpŕiŕbil'n ellar på hyttâ?*

-a

H: *Dæ vett æg şe. Dæ æ alt itte kæ du jæŕ I kæmpŕiŕvåŕnâ æ dæ jo*

vaid iķķe

-e

sånn lid'n plass viss me, enn sånn ķedelige plass, å bare må vær

-lege

bara

-a

inne viss d- posreŕne, æ de jo ķe så veldi jillt å vær i kæmpŕiŕvåŕnâ.

-a

te

-a

Dâ æ de jillare å vær på hyttâ. Dâ kann du, he du større plass.

-a

Men dæ æ itte korr du æ, på enn måde. Ellar, viss, korr du æ mæ

Eller

kempŕiŕvåŕnâ. Jille plass, dâ æ de jo jillt å vær.

-a

Illustrasjon 3: Tekst etter to ungdommar frå Mossige i Time fødd i 1995, opptak i 2013. I = Intervjuar, H = Heimelsperson

Her ser me at ei viktig endring er at presens av kasta-klassen no får endinga -e i staden for -a, som rådde i 1800; og difor heiter det *bade*, *kalle*. Dette er eit drag som spreier seg raskt i sørvestlandsk no i vår tid. Dessutan ser me at frekvente verb med utgang på -r i stammen her som mange andre stadar i landet mistar endinga i infinitiven, og her òg i presens av *gjera*; difor får me infinitiven *vær* og presens *jær*. Både segmenterte og differensierte former er bytt ut, så *kadla* og *badn* heiter no *kalla* og *barn*, og me ser at *kj*-lyden har falle for *š*-lyden, som i *še* for *išše*. Eit par pronomenformer er òg forandra og ymse anna smått.

Heile teksten eg brukte, var lengre enn den i illustrasjon 3. Han var på 676 ord, og i heile teksten var det 6 tilfelle av fonologiske endringar, 34 tilfelle av morfologiske endringar, 4 av syntaktiske endringar og 15 av leksikalske utbytingar. Når me summerer desse endringane, blir dei i alt 59, og det gir eit snitt på 8,7 per 100 ord. Deler me så på dei to hundreåra, blir endringsomfanget 4,35/100 ord/100 år. Då har me fått endringsgraden inn i ein målestav, og me har fått eit tal som viser kor stor den språklege omlegginga er i denne bygda, og som kan brukast i jamføring med andre bygder. (Me kan legge oss på minnet at metoden vår med godt vaksne heimelsfolk for 1800 og ungdommar for 2000 truleg gjer endringsomfanget litt for stort.)

4. I Hallingdal

Aasen og samtida var svært interessert i dialekten i Hallingdal, og dit kom han første gongen i 1845. Han budde då godt over ein månad hos postopnar, kyrkjesongar, lærar og ordførar Tandberg i Nes. Der gjorde han notatane til beskrivinga trykt ved Oddvar Nes i Bondevik o.fl. (1997: 104–105). Men dei to tekstane han brukar i *PLm*, fekk han nok tak i i 1852, då han for opp att til Hallingdal, stansa litt i Nes, men for så fire-fem dagar til Sundre i Ål og til Hovet i Hol. Ein av dei han møtte på Sundre, må kanskje vere opphavsmannen til segna som er skriven i Ål-dialekten (men gjeld ei hending i Hol). Teksten «Buføringj'e» frå Hol fekk han i skriftleg form frå bonden Tollev Villand (NFS, Ms. 915, 4to I). Dei to kommunane skil seg ørlite i dialekten, og det kommenterer Aasen.

Aasen trefte nok Tollev hos Tor Villand, «en gammel Skolemester, hos hvem jeg opholdt mig nogle Dage og fik fortræffelige Oplysninger om Sproget» (BD I: 238). Denne Tor Villand, som forresten var fødd i Leveld i Ål, var ingen kven som helst. Han var omgangsskulelærar, kyrkjevevje, fattigkassestyrary og klokkar. Han var vide kjent for å interessere seg for fortida og å vere påpasseleg med sed og skikk, namngiving og språkbruk. Han var dessutan interessert i språk og hadde skaffa seg *Fuldstændig norsk-dansk Sproglære* av B. Kofod (1849). Når Aasen viser i ein fotnote til at hallingane har bestemte meiningar om nokre endingsvokalar, passar det godt i det sjenerelle bildet av Tor, som var «noko sjølvgod» (Reinton & Reinton 1969: 415f.).

Dei endestavingane Aasen diskuterte, var *-æ* og *-e*, som Aasen tydeleg ikkje høyrte forskjell på, og difor er det brukt berre *-e* i prøva han sjølv skreiv opp på målet frå Ål, mens prøva frå bonden Tollev har dei to endingane (nokolunde korrekt).

I 2008 gjorde prosjektet Nordisk dialektkorpus (<https://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/talesprakskorpus/nordisk-dialekt/>) opptak med ein ungdom frå Vats (nær Leveld) i Ål som var fødd kring 1990, og denne heimelsmannen skulle gå godt inn i eksperimentet vårt. Noko av teksten etter han står i illustrasjon 4.

Å så ha e vekkse upp i fjellbygde Vass hær i Åt kommunæ. ^{vakkse} *-e-*
 Dær jikk e på skutæ – på Vass skutæ, somm no e nelakt – enn em e –
 i seks år *-e-* i æitt litæ bygdamiljo såmm *-e-* osa tå sarm i min foṭji,
 ifoṭji me da. [...] ^{sj}

Vass, de e æi bygd på –. E væit ke ko maṅṅæ somm biur dær, ^{bi}
 menn *-e-* to tre hundræ tenk- e. E fârr de meste gaṭa –
 såmm – frammlæis e i drift. *-e-* De e mest ky å sæu *-e-* å jæita. *-e-*
 Å så ha me. m-. Me ha jo –. Vass sil se jo ganske ut i fârrhåll ^{sj} ^{ld}
 te Level dæ, såmm ligg ne-, leṅṅer ne i bygde. Menn *-em-* på grunn ⁿ
 tå – fjoṭn –. Fârr me har æin lit-n fjoṭ såmm ligg i – lit'n innšø ^{sj}
 såmm ligg *-e* i Vass. *-em-* Ko mæir ska e fârtætja a?
 Ja, næi. De e store avstanna, å de e – likksâm –. Viss e skullæ nd ^{sko}
 te kammerat'n minn nå e var –. e va mindre, så va e lissâm nå ^{at} ^{-e}
 - måttæ lissâm sykklæ æin time fârr å kamma fram. [...] De va
 i Vass. – Menn nå må ru huksæ på att da –. Dâ va e lit'n,
 å dâ hadd- e små foṭa, å dâ assâ –. E hadde sikkert jort sama turn
 no på kuæ minutt. D- e e sikke på. [...] De e jo stykki. –
 De e re –. Å så vart de lissâm sånn atte nårr du sykkla på veg
 innåver. så, så treffe ru fâṭk du kenne, å så bi ru stâppan å slâ ^{sl}
 ta n prat me dæi. Å så –. Så går tie, væit du. [...]

Illustrasjon 4: Tekst frå Vats i Ål etter informant fødd sirka 1990, opptak 2008 med avvikande former frå sirka 1800 opplyst på eiga linje.

Her får me eksempel på at dativen stort sett har falle ut, for det er sagt *te kammerat'n minn*, mens forrige generasjonen nok sa *åt kammerate minne*. Men eitt tilfelle av dativ har han (rettnok ikkje med i illustrasjonen). Dessutan er talbøyinga av verb blitt sviktande, for han brukar eintalsform for fleirtal i f.eks. *ko mannjæ somm bur*, der ein skulle venta *bu* i den tradisjonelle dialekten. I lydverket har han fått assimilerte former der tidlegare generasjonar hadde *ld* og *nd*: *færrhåll* og *avstanna*. Her har det ikkje skjedd noko med *kj*-lyden, men derimot ser me at det hallingdalske *sj*-sambandet, som har uttale med tydeleg to segment, har vike for den retroflekse *š*-lyden.

Oppsummeringa for heile teksten på 547 ord er at det er 14 fonologiske endringar, 2 morfologiske, 11 syntaktiske og 3 leksikalske, som gir 30 i alt, dvs. 5,48 per 100 ord og 2,74 per 100 år. Me kjem dermed noko lågare i endringsomfang her enn på Jæren.

5. I Trøndelag

I 1846 kom Aasen til «Inderøen» prestegjeld, og han budde ein månad på garden Svegstad i Sparbu. Der følgte han same arbeidsmåten og skreiv notat nok til å lage seg ein liten grammatikk for målet (i trykt form ved Jarle Bondevik i Bondevik o.fl. (1998: 81–109). Teksten han presenterte i *PLm*, er «Runekallen aa Drengjen hans», og den skreiv han nok opp under dette opphaldet.

I 2013 blei det gjort opptak med nokre ungdommar fødd i 1995 frå Inderøy kommune, og ein tekst frå eitt av intervjuua kjem i illustrasjon 5 med opplysningar om avvikande former frå 1800-versjonen av dialekten (slik han står fram i *PLm*):

H: *Neggative sia e kanše att de e itt så my trannsport á sánn,*

-á

da. Kámm sæ pá pʔassa. Á, menn ... Ja. De e vældi finnt

á kenñ, fofke á, ja. Ja, positivt. Ja. N- bi fort kenñ me fofk her, da.

še

De e jo sánn (mann) træffe fofk pá butikken, á fofk si jo «hei»

ška

her vældi my á. De e vældi finnt miljø šenerelt i Inñerøya.

en

Så e jo vældi my tillbud her, sánn te onñ-, onñe, da,

pá musikkskoʔe får æksæmpel á danš. Á iddrætt, baʔlidrett, fottbaʔ.

I: *Flere tiññ di tenñe pá sámm positift eller negatift me Inñerøya, da. sámm bopʔass?*

H: *Du har no barneskoʔe, onñdámsskoʔe og videregåne her,*

hi

da. Så du kanñ jo, har no gått pá aʔʔ tre. [. .]

hi

I: *Må jo spør lite meir ámm Inñerøya, da. Sánn helt koññkret. Sott'ne mai pá Inñerøya. Kess, kess går de fárr sæ? E de foršellje byggda, eller e de sammʔliña her, eʔʔer e de ...?*

H: *De e jo litt sammʔ-, eʔʔer de e jo - De e jo sammʔiñ pá kvar sin*

del, da. Ja, æ trur de sánn skoʔa . Våjen á Utøya á Strømmen á

Røra har jo, ja.-. Ja. Har egne barnetåg, ja.

hi

Hi

Pá skoʔan her. Ásså e de et stortt tåg pá Strømen her, til kerka.

-ám

át šerkån

Illustrasjon 5: Dialekttekst frå Inderøya etter ungdom fødd i 1995, opptak i 2013. I = intervjuar, H = heimelsperson

I heile teksten, som er på 406 ord, er det 2 fonologiske, 9 morfologiske, 7 syntaktiske og 4 leksikalske endringar, i alt 22. Brukar ein her målestaven vår, kjem me til 5,4 endringar per 100 ord, og dvs. 2,7 per 100 år. Fleste endringane i teksten gjeld bortfall av dativ (jf. *på skoʃan, til ʃerka* for *på skoʃam* og *at ʃerkān*) og palatalisering av *k* og *g* i bøyingar (jf. *føʃke* for *foʃʃe*). Dessutan gir det sjølvsagt, som ein ser av illustrasjonen, utslag i frekvensteljinga at presensforma *hi* er gått til *har*. Men etter målestaven vår har altså lite skjedd i denne dialekten.

6. På Nordmøre

I første eksperimentet eg gjorde med slike tekstar, tok eg for meg første delen av teksten frå Nordmøre i *PLm*, men då gjorde eg det utan å jamføre med moderne opptak. Eg jamførte med Beito (1967) og brukte kjennskapen min til moderne nordmørsk då eg skreiv om teksten til 2000-versjonen (jf. Sandøy 2011).

I 1846 oppheldt Aasen seg i Tingvoll prestegjeld ein månad, nemleg på garden Dønnem i Batnfjorden i det som heitte Øre herad fram til 1965. Aasen budde hos lensmann og tidlegare stortingsmann Jon Neergaard (som forresten var drivkrafta bak formannskapslovene frå 1837). Her arbeidde Aasen på same måten med notat om ord og grammatikk, jf. «Opplysninger om Almuesproget i Nordmørs og Fosens Fogderier» trykt ved Jarle Bondevik i Bondevik o.a. (1998: 1–22). Kan hende har Aasen òg skrive opp segna «Gjentaan paa Stemma» mens han sat der. (Same prøva står i Beito (1967) under tittelen «Drækene på Stemma».) I alle fall kom ikkje Aasen til Nordmøre fleire gonger på innsamlingsferd, og teksten har lokalt innhald. Alternativt kan han ha skaffa seg teksten seinare, men uansett har han brukt språkinnsikta si frå Dønnem-opphaldet då han gav teksten form i 1853.

Me ser Aasen-teksten i lydskrift i illustrasjon 6. Omskriven til dialekten frå 2000 ser teksten ut som i illustrasjon 7.

Der e en gar så ęte Stemme; hanę ligg yst ut me ha:ve tett atme de fjelle så dęm kaęęa Stemshęst'n. Der va de tvo tųse en gęęęę sę skuleęa ro ut pę en hęęm ę mjųk nękęr kę sę dęm ha gęęęęę der. Da bętes de op ęę over me dęm va pę hęęma; ę nęr dęm skuleęa ro hęm att, sę va stęrmen aęę sų stri at dęm rak ęv frę laęęęa ę dęv te hęfs. Dęm vaęęę ięęęe męę ęęę ę hęęę bęt'n rętt pę sęnę, ę sia lųt 'n gęęęę sę hanę vilęęa. ę sęęę lęg dęm ę dęv pę hava będe da'n ę natta ę nęęęę dęg te.

Illustrasjon 6: Nordmųorsk frę sirka 1800 etter teksten frę Nordmųre i PLm – korrigerert og omskriven til Norvegia-lydskrift

Der e en gar sę ęte Stemme; hanę ligg yst ut me ha:ve tett atme de fjelle sę dęm kaęęa Stemshęst'n. Der va de to tųse en gęęęę sę skuleęa ro ut pę en hęęm ę mjųk nękęr kę sę dęm ha gęęęęę der. Da bętes de op ęę over me dęm va pę hęęmen; ę nęr dęm skuleęa ro hęm att, sę va stęrmen aęę sų stri at dęm rak ęv frę laęęęe ę dęv te hęfs. Dęm vaęęę ięęęe męę ęęę ę hęęę bęt'n rętt pę sęn, ę sia lųt 'n ga sę hanę vilęęa. ę sęęę lęg dęm ę dęv pę have będe da'n ę natta ę nęęęę dęg te.

Illustrasjon 7: Teksten frę Nordmųre i PLm, omskriven til yngre nordmųorsk frę sirka 2000

Ei forandring i denne korte teksten er dativborfallet i *pę hęęmen* og *frę laęęęe* for *pę hęęma* og *frę laęęęęa*. Oppsummert blir endringane i nordmųorsk 1 leksikalsk, 4 fonologiske og 4 morfologiske, i alt 9 forandringar, som utgjer 8,1 per 100 ord, og dermed 4,05 per hundreår.

Me ser altså at tala mellom dei ymse geografiske plassane ikkje er sę veldig ulike. Litt slingringsmonn mę me legge inn, m.a. fordi tekstmengdene er noko ulike i testen. Endringsomfanget ligg altså mellom 2,7 og 4,35 per hundreår etter den męlestaven me brukar.


I arbeidet med nordmųorsteksten utvida eg tidsperspektivet og skreiv han om til gammalnorsk frę sirka 1250, jf. illustrasjon 8.

Þar er garðr sem heitir Stim; hann liggr yzt úti við hafit, þétt aftr við fjall þat, sem þeir kalla Stimshest. Þar váru tvær gentur einu sinni, sem róa skyldu út á holm nokkurn at mjolka nokkurar kýr sem þær höfðu gangandi þar. Þá blés upp óveðr meðan þær váru á holminum, ok þegar þær skyldu róa heim aftr, svá var stormrinn löngru svá stríðr, at þær rak af frá landinu ok drifu þær til hafs. Þær unnu ikki meira heldr at halda bátinum réttum á sjónum, ok annars laut hann ganga sem hann vildi. Ok sváleiðis lágu þær ok drifu á hafinu bæði daginn ok náttina ok nokkura daga eftir.

Illustrasjon 8: Nordmørsteksten frå PLm omskriven til «klassisk gammalnorsk» frå sirka 1250

Talet på endringar frá 1250-versjonen til teksten i 1800 er 11 leksikalske, 7 syntaktiske, 100 fonologiske og 33 morfologiske. I alt blir dette 151 endringar i teksten på 111 ord, dvs. 136 per 100 ord. Etter målestaven vår når me deler på dei 5,5 hundreåra mellom 1250 og 1800, får me eit endringstempo på 24,7 per hundreår.

Her er det me får det verkelege historiske perspektivet, for no er det tale om heilt andre dimensjonar på endringsomfanget. Dessutan skal me ha i mente at språkhistorikarane kan ut frå brukande kjelder seie at det aller meste av det som skjedde etter gammalnorsk tid, var slutført kring 1600, kanskje før. Dermed må det i hundreåra før 1600, meir presist i seinmiddelalderen og kring reformasjonen, ha skjedd ei språkleg omlegging som me i dag har problem med heilt å forstå. Deler me f.eks. alle endringane på 3,5 hundreår i staden (altså 1250–1600), blir endringsomfanget 38,9 før 1600; etter 1600 er det opplagt at endringskurva flatar ut. Litt bør me slå av for dei endringane som sikkert skjedde i tida 1600–1800, då f.eks. talbøyinga av verb forsvann for godt. Likevel er omfanget på endringar ved overgangen frå mellomnorsk til tidleg moderne norsk så stort at det me ser av endringar etter 1800, blir nokså avgrensa. Som nemnt går stereotypiane om språkendringar ut på at dei er større i dag enn før, og at dei er aukande på grunn av all kommunikasjon. Men tala me no har komme fram til, viser nok eit endringsomfang eller endringstempo som heller kan framstillast stilisert med kurva i illustrasjon 9, altså ei motsett kurve av det stereotypiane gir inntrykk av.



Illustrasjon 9: Endringstempoet og endringsomfanget i tida 1250 og til i dag

7. Det kulturelle innhaldet

Det me dermed har sett, er at empirien viser oss at endringane har eit lågt tempo i vår tid. Utsegna hans Beito frå 1958 om at "Målføra våre har vel aldri endra seg meir frå generasjon til generasjon enn i våre dagar", held ikkje vatn når me etterprøver ho systematisk. Eg må vedgå at då eg begynte å kvantifisere dei språkhistoriske endringane i talemålet, blei eg sjølv overraska. Men når nesten same resultatet kjem ut kvar gong, kan ikkje dette vere tilfeldig eller eit utslag av uheldige tekstar eller dialektar eg har brukt. Me må heller forundre oss over det store omfanget av endringar i overgangen mellom seinmiddelalder og moderne ny tid. Korleis kunne det vere muleg? (Jamfør Sandøy 2011.)

Det eksperimentet eg har vist her, gir oss utgangspunkt for ein refleksjon kring stereotypiane som rår om dialektar og talemål i den store diskursen eller samfunnssamtalen. Diskursen er prega av subjektivitet, og i den grad noko blir dokumentert, er det med enkelteksempel. Men språkverda er så komplisert av uendeleg mange observasjonar at ein kan dokumentere kva som helst påstand viss ein ikkje har ein systematisk måte å nærme seg spørsmåla på. Difor viser det eg her har peikt på, at me treng å utvikle arbeidsmåtar som fjernar oss frå subjektiviteten og set oss i stand til nøktern etterprøving av påstandar eller hypotesar ved hjelp av representative data. Metoden eg har vist her, er nokså primitiv og kan sikkert raffinert, men hovudresultatet skal stå nokså fast, og det er ikkje avhengig av mine subjektive språkstrukturelle val.

Kvifor rår så desse stereotypiane om at dialektane i dag blir utradert? Kva er drivkreftene bak førestillingane våre? Me kan ikkje sjå vekk frå at mange av oss opplever endringane som sørgelege og vil indirekte oppfordre til motstand mot kreftene i prosessen. Difor fokuserer me slik me gjer. Dessutan kan det vere ei minst like sterk kraft bak denne fokuseringa på dialektdød at ein då får laga eit bilde av kven som er den kulturelt sterke i samfunnet. Fokuseringa i diskursen kan altså vere uttrykk for at det kulturelle hegemoniet i landet nettopp på denne måten definerer seg sjølv som sigerherren. Det har definisjonsmakta. Førestillingar om språkendringar kan difor vere eit interessangt kultursosiologisk studieobjekt.

Det er litt interessangt at Aasen òg opplevde same førestillingane om at dialektane var på retur og i stor endring. Kor sterkt førestillingane stod alt då, veit me ikkje, men Aasen refererer til slike påstandar frå turen han gjorde til Hallingdal att i 1864, sirka 20 år etter første turen. Då kommenterer han at dialektane er nett som dei var ein generasjon før, og det var ikkje slik «som man i de sidste Aar har villet fortælle os» (BD II: 35).

8. Endring – språkleg og demografisk

Det som her er lagt fram, skal ikkje føre til ein konklusjon om at det har vore nesten status quo i Dialekt-Norge etter Aasen si tid. Eit viktig poeng som dei færraste dreg fram, er at endringane er meir demografiske enn grammatiske – for å seie det på ein enkel måte. Folkeflyttingane dei to siste hundreåra er så store at forholdstalet mellom brukartala har endra seg. Frå 1801 til 2001 auka folketalet i Oslo og Akershus med 1396 %, og det dobla prosentdelen sin av heile folketalet i landet frå 7,5 % til 1,9 %. I det relative folketalet ser me at det har vore både ei stor sentralisering til Sør-Austlandet frå dei andre landsdelane og ei sterk flytting frå bygdene til byane. Men enkeltdialektane står òg samtidig sterkare i absolutte brukartal, for f.eks. sognedialekten har auka brukartalet frå 46 089 i 1801 til 107 261 i 2001, og på den måten står dialekten i 2001 sterkare enn i 1801. Men bergensk har styrkt seg frå 24 136 til 232 989, dvs. med 865 % i same perioden. Altså er det relative styrkeforholdet målt i dialektbrukarar svært forandra i perioden.

Kan endra demografiske styrkeforhold ha med språkendringar å gjere? Ja, kanskje. Det er ikkje urimeleg at folkerike strøk kan dominere over folkefattige – også språkleg. Det vil høve med det som blir kalla fleirtalsprinsippet i studiet av språkendring. Framtidig forskning kan truleg avklare meir om drivkreftene på ein nøktern måte.

Me kan nok berre slå fast at dei dialektane Aasen valte ut for å vise fram dei norske dialektane i 1853, ikkje representerte godt dei dialektområda

som fekk auka oppslutning i folketal i tida etter. «Sprogdistriktene» i *PLm* representerte 1050 000 nordmenn (dvs. 70 % av heile befolkninga) då, skal han sjølv ha rekna ut (Grepstad 2013: 222f.). At dei resterande 30 % har vakse godt seinare, ser me av at dei fylka Aasen fullstendig oversåg, nemleg Østfold, Vestfold, Akershus og Oslo, har vakse frå 18,3 % til 32,3 % av folketalet i tida frå 1845 til 2001. Når me reknar i proporsjon av folketalet, var såleis Aasen på taparane si side. Men sosiolingvistisk og språkhistorisk er det innsiktsgivande å sjå at også tapardialektane truleg lever i beste velgåande! Her må ein meistre to tankegangar.

Største saknet i beskrivingane frå 1853 er at me får lita hjelp til å sjå kva som har skjedd i dialektar som har opplevd og opplever stor tilflytting, dvs. by- og tettstadmåla. Dei stadane besøkte ikkje Aasen. Desse plassane får gjerne utvikla større forandringar i dialekten enn stadar med berre normal indre vekst i folketalet. Men faktisk veit me i dag ein del om slike prosessar, og me veit at dei nye dialektane som veks fram, ber preg av eit – kanskje me kan kalle det demokratisk – kompromiss mellom dei ulike tilflyttargrubbene, men slik at dei som budde der i utgangspunktet, får betre relativ utteljing enn hine grubbene. (Dette blir kalla grunnleggjarprinsippet.) Elles er det òg eit gjennomgåande drag at grammatiske forenklingar ser ut til lett å få overtaket over kompliserte språkstrukturar. Ein god illustrasjon på dette er Odda og Tyssedal i Hardanger, der tilflyttargrubbene prega dei to stadane på ulik måte, og dermed blei også produktet forskjellig: Tyssedal fekk eit austlandsprega mål, mens Odda heldt seg som typisk vestkantdialekt (Sandve 1976, Sandøy 1985: 250f.).

Beito, som me allereie har sitert, var spesielt oppteken av endringane i hallingmålet pga. stasjonsbyane som voks opp der i samband med Bergensbanen. Han ser for seg at det er «den industrielle revolusjonen som kjem til dalen med den moderne vegen og jarnvegen, toget og bilen», og «[s]tasjonsbyane er bygdesentra, og derfrå breier så påverknaden seg utover grendene» (Beito 1958/1973: 192f.). Ål sentrum er ein stasjonsby, men av den prøva me viste frå Vats i Ål, går det fram at denne spreinga frå sentrum til grendene i alle fall tek tid. Dessverre er det ikkje blitt gjennomført nokon variasjonsstudie i Ål sentrum, så det er vanskeleg å kvantifisere noko. Men frå Gol, der ein annan stasjonsby i Hallingdal finst, veit me noko.

Om situasjonen i Gol fortel Nina Berge Rudi i hovudoppgåva si (2007: 64) at berre 25 % av elevane ved den vidaregåande skulen hadde begge foreldra frå Hallingdal; for 54 % er eine forelderen tilflyttar, og for 21 % er begge foreldra tilflyttarar (s. 64). Denne tilflyttingsbølga

har vart ved i lang tid i desse stasjonsbyane, så befolkninga og miljøet er sjølvsgagt prega av det, og det pregar busetnaden noko slik at det òg er ulik fordeling av tilflyttarborn på dei ymse skulane. Dermed kan Rudi referere frå eine informanten at han «nesten ikkje hørde halling heile barneskulen, for han gjekk på ein skule med mange innflyttarungar», mens ein annan som hadde begge foreldra frå dalen, gjekk på ein skule der dei fleste ungene snakka halling, og det gjorde ho sjølv (s. 101). Om denne siste informanten heiter det at «[d]et var først på vidaregåande skule ho trefte mange unge som prata bokmålsnært» (s. 102). Det verkar altså som integreringa mellom språkgruppene ikkje er fullstendig.

Når innflyttinga er så stor som vist her, kan samfunnet reknast som ei språkleg smeltegryte, og spørsmålet er kva som kjem ut som språkleg legering når smelteprosessen er avslutta – noko han sjølvsgagt ikkje blir i eigentleg forstand i eit levande samfunn. Tek me proporsjonane blant foreldra åt informantane hennar Rudi som utgangspunkt, er det 48 % innflyttarar, og då ville det vere ei heilt «demokratisk» utvikling om den framtidige dialekten som kjem ut av ein språkleg integreringsprosess, har nær halvparten av språkdraga frå dialektområda som tilflyttarane kjem frå. Som nemnt om Odda og Tysedal skal ein rekne med kompromiss. Rudi gir oss ikkje nøyaktige opplysningar om dialektbakgrunnen åt foreldra, men fortel at den er blanda. Prosessen er neppe så mekanisk eller aritmetisk heller som dette, og Rudi (s. 64) meiner at «[p]oenget er at dei [dvs. foreldra] ikkje påverkar ungene sine til å prate dølamål, og ungene blir meir påverka av språket til jamaldringar» (s. 64). Språket åt jamaldringane er skapt gjennom ein lengre traderingsprosess, dvs. at det er eit historisk produkt som krev meir enn prosenttal frå samtida for å forstå. Likevel kan me vere nysgjerrige på korleis den synkrone variasjonen er i informantgruppa hennar Rudi, for den kan peike litt framover. Ho har brukt spørjeskjema, og det vil seie rapportert tale, som me ikkje lit like godt på som tal frå verkeleg tale. Men me kan referere dei lell med eit par eksempel: Pronomenet i første person eintal subjektsform er konsekvent *e* hos 43 % av elevane og *jæi* konsekvent hos 41 % (s. 88f.). For *me* og *vi* i fleirtal er tala 42 % og 49 %, og for *ikkji* mot *ikke* 24 % og 48 %. (Ettersom det er spurt om desse formene i ulike spørsmål og ikkje parvis, blir prosenttala ikkje fullgode å samanlikne, for summen av dei som f.eks. avviser *jæi*, og dei som opplyser at dei varierer, utgjer 59 % og ikkje differansen mellom dei 43 % konsekvente *e*-brukarane og 100 %. Men tala er uansett gode peikepinnar.) Foreløpig viser desse enkle tala ein uavgjort-situasjon, slik dei demografiske tala kan få oss til å rekne med. Me kan berre vente med stor spenning på kva det homogeniserte produktet blir i framtida.

Skal heile Dialekt-Norge beskrivast, må ein sjølvsgagt ta med desse smeltegrytene. Det finst mange av dei. Men det kan òg sjå ut til at dei har

noko ulike utviklingsretningar; Rudi viser f.eks. at den tradisjonelle dialekten står seg sterkare i stasjonsbyane i Gudbrandsdalen enn i Hallingdal. Så det er mangt att å skaffe seg innsikt i for å forstå desse prosessane.

9. Oppsummering

Det er ikkje naturleg for eit språk å ikkje forandre seg. Dét må vere utgangspunktet for dei språklege resonemanga. Så kan ein i vidare arbeid sjå etter kvar det er stort og lite omfang på forandringane, og prøve å forstå forskjellane. Arbeidet ovafor med å kvantifisere endringar og jamføre dei viser nokså tydeleg kor stor språkendringa var i norsk ved overgangen mellom middelalderen og tidleg moderne tid. Det som har skjedd etterpå, blir nokså lite. Dette kan vere ei overrasking. I alle fall må det vere ein korreksjon til den vanlege påstanden om at endringane er så store i dag. Denne korreksjonen gir oss grunnlag for å problematisere det at kulturen vår har visse stereotypiar om språkendring.

Ein kan undre seg over at endringstempoet er blitt så lite etter 1600. Rettnok gav seinmiddelalderen spesielle vilkår for store endringar, men forskjellen i endringstempo er kanskje ikkje forklart til fulle likevel. Kan det vere noko i tida som seinkar tempoet i vår tid? Eitt nytt kulturdrag kan vere skriftmålet, som har fått mykje større plass i kulturen. Men dét gav neppe noko brått skifte kring 1600. (Det måtte i så fall heller vere etter at allmugeskulen kom i 1739.) Dessutan blir det vanskeleg å peike på at dialektane endra seg strukturelt i retning av skriftmålet på den tida. Ein annan faktor ein heller kan tenkje seg, er at språket begynner i moderne tid å få oppmerksomheit frå språkbrukarane, dvs. at språket får symbolsk innhald på ein annan måte enn før. Det blir eit kulturelt objekt. Dét ser ut til å vere eit felles drag i europeisk språkkultur frå renessansen, nemleg ei gradvis ideologisering av språket. Ein kan tenkje seg at ei slik kulturutvikling fungerer konserverande. Men her står mykje att å forstå.

Når ein studerer språkendring, må ein vere presis på kva ein omtalar i dialektlandskapet, om det er endringane i enkelt-dialektane, eller om ein siktar til det store overblikket der ein òg må dra inn folketal og folkeflyttingar. Det siste blir ikkje så ofte gjort, men det kan vere nødvendig når ein skal forstå prosessane og drivkreftene bak.

Referansar

BD = *Brev og dagbøker*. Utgitt av Reidar Djupedal. Oslo: Det Norske Samlaget. 1957–1960.

Beito, Olav T. 1958/1973. Drag av utviklinga i hallingmålet dei siste mannsaldrane. *Svenska Landsmål og Svenskt Folkliv*, 1–42. Opptrykt i *Frå norsk målføregransking* (Olav T. Beito & Ingeborg Hoff, red.), s. 190–226. Oslo: Universitetsforlaget, 1973.

Beito, Olav T. *Norske Målførettekster*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bondevik, Jarle & Oddvar Nes & Terje Aarset. 1997. *Målsamlingar frå Christiansands og Agershuus Stifter av Ivar Aasen*. (Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet 4.) Bergen: Norsk Bokreidingslag L/L.

Bondevik, Jarle & Oddvar Nes & Terje Aarset. 1998. *Målsamlingar frå Trondhjems og Tromsø Stifter av Ivar Aasen*. (Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet 5.) Bergen: Norsk Bokreidingslag L/L.

Grepstad, Ottar. 2013. *Historia om Ivar Aasen*. Oslo: Samlaget.

Kofod, B. 1849. *Fuldstændig norsk-dansk Sproglære. Nærmest til Brug for Ikke-Studerende og ved Selvunderviisning*. Kristiania.

Larsen, Amund B. 1899. Tillæg. I: *Prøver af Landsmaalet* (Ivar Aasen), 2. utg. ved A.B. Larsen, 35 s. Kristiania: Cammermeyer.

Reinton, Lars & Sigurd S. Reinton. 1943. *Folk og fortid i Høl. II: Frå 1815 til vår tid*. Oslo: Grøndal.

Rudi, Nina Berge. 2007. *Språkvariasjonar i to dalføre. Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant 18–20-åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen*. Upubl. hovudoppg., Universitetet i Oslo.

Sandve, Bjørn Harald. 1976. *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføre*. Upubl. hovudoppg., Universitetet i Bergen.

Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.

Sandøy, Helge. 2011. Språk i endring – i struktur og i tanke. I: *Nordiskfaget – tradisjon og fornying. Maal og Minne 100 år* (Jon Gunnar Jørgensen & Lars S. Vikør, red.), s. 55–68. Oslo: Novus.

Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Kristiania: Wærner & Comp.

Aasen, Ivar. 1899. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. (Opptrykt i faksimile av Johannes Gjerdåker, Vestanbok forlag, Voss, i 1985, men berre av sidene 1–136. Etterord av Aslak L. Helleve og Magne Myhren.)

Aasen, Ivar. 1921-23. *Norske minnestykke*. (Ved Jens Lindberg. Norsk folkeminnelag 1.)

Aasen, Ivar. 1909. Om vort Skriftsprog. I: *Syn og Segn*, s. 1–5.

Summary

A stereotype in Norwegian discourse about language is that the dialects change more rapidly now than at any time before. This article opposes that view and, using Aasen's description of Norwegian dialects in his 1853-book *Prøver af Landsmaalet i Norge*, compares the degree of change in several dialects around 1800 and the situation in the younger version of the same dialects. The results demonstrate a rather low rate of change in these two centuries. When the results from these quantifications are contrasted with the changes in our language from the Middle Ages and up to the dialects in 1800 (or 1600), we find an evident difference in the extent of dialectal change – the change is measured per century – showing in turn relatively few changes in our dialects to day.

This is the conclusion when our approach is to study the single dialects. However, the Norwegian dialect landscape can also be studied demographically, and in this perspective we can discern a different view where the proportions of the population have changed considerably over the centuries. How these perspectives come together is an important research question within modern sociolinguistics which focusses on the formation of new dialects. Some relevant issues from this discipline are discussed and illustrated in the article.

Skrifter nr. 1 • 2015

Ivar Aasen ute og heime

– om moderne språkdokumentasjon
etter Ivar Aasen



Jan Ragnar Hagland, Åse Wetås (ed.)

Editor DKNVS Skrifter
Kristian Overskaug

<http://www.dknvs.no>